

# «Ubeden gjest i vest»

## Seminar om spreining av ørekyt i norsk natur

Øvre Eidfjord, Hordaland 22.-23. mars 2017



*Frå aksjonen ved Stigstuv, Eidfjord statsdallmenning på Hardangervidda august 2013. Her vart ørekyt og all annan fisk utrydda ved hjelp av rotenon, for å etablere ein buffersone mot sårbare vassdrag vest for tiltaksområdet. Meininga er å halde Stigstuv og nærområda permanent fiskefrie. Foto: Øistein Aasland, Fylkesmannen i Hordaland.*

— **Ubeden gjest er lite vyrd, heiter det i Håvamål. På Vestlandet er denne arten ikkje vyrd i det heile. Trugsmålet frå spreining av denne arten frå vassdraga i aust har gjort det naudsynt med omfattande tiltak og overvaking på Hardangervidda dei siste tiåra. Seminaret summerer opp røynslene frå desse, som også kan bli nyttige ved tiltak mot spreining av andre uønskete organimar i ferskvatn andre stader i landet.**

Ørekyt er ein liten karpfisk som finst naturleg i ein mindre del av Noreg, men som i dag har ei langt vidare utbreiing som følgje av menneskeleg aktivitet. Pålagd utsetjing av fisk etter vasskraftregulering og utilsikta spreining ved sportsfiske vert rekna som hovudårsakene til utviklinga. I nokre tilfelle er det mogleg å rette opp, eller i det minste redusere skaden, men slike tiltak er omfattande, drastiske og ikkje minst kostbare.

Ørekyt høyrer ikkje heime naturleg på Hardangervidda, men er spreidd på denne måten fleire stader i vassdrag som drenerer mot aust. Dei sentrale delane av vidda er svært flate, og det eksakte vasskiljet er ikkje lett å definere. For å motverke vidare spreining til vassdraga som renn vestover, har det vore naudsynt å bygge fysiske sperrer i terrenget, og også å opprette buffersoner i allereie infiserte vassdrag. Det var ein omfattande rotenon-aksjon ved Stigstuv sentralt på vidda i 1999. Den såg lenge ut til å vere vellukka, men etter nokre år vart eit fåtal ørekyt likevel funne i tiltaksområdet. Aksjonen vart difor repetert i 2013, samstundes som eit nytt potensielt spreingsområde ved Stigstuv også vart handtert dette året.

— *Hit, men ikkje lenger! Denne fiskesperra skal hindre at ørekyt og annan fisk skal kunne etablere seg i Hætjørn eller andre delar av tiltaksområdet etter rotenon-behandlinga i 2013. Den er bygd ved hjelp av tungt maskinet utstyr, men inngrepa i terrenget er likevel marginale. Foto: Øisten Aasland, Fylkemannen i Hordaland.*



I ettertid er det lagt ned stor innsats i å overvake om tiltaka har den effekten dei skal ha, og også om det kan finnast andre område på vidda der trugsmålet er reelt, men enno ikkje tilstrekkeleg fokusert. Metodikken for slik overvaking er i sterkt utvikling, og har vore nytta til nettopp dette på Hardangervidda. Førrelse resultat frå slike teknikkar ved miljø-DNA vert presentert på seminaret. Miljø-DNA kan bli ein svært viktig metode for biologisk dokumentasjon og overvaking i mange samanhengar framover. Det som er gjort på ørekyt på Hardangervidda er berre eit døme.

Når ørekyt etablerer seg i eit vassdrag, har det store konsekvensar for fiskebestandar av andre artar som allereie er der. Det kan bli ein næringskonkurrent til annan fisk. Den kan også bli ein næringskonkurrent for anna biologisk mangfald, og slik endre økosystemet vesentleg. Dei mindre artsrike vassdraga på Vestlandet vil kunne vere særskilt sårbare om ein framand art etablerer seg der. Dette er bakgrunnen for at det er lagt ned store samfunnsressursar for å hindre innpass for ørekyt her.

Ørekyt kan også bli eit ekstra næringsemne for fjellaure og andre større fiskar. Dette ser vi mellom anna i Halnefjorden, der ørekyt i dag representerer eit ekstra trofisk nivå i innsjøen som fjellauren kan livnære seg på. Ein konsekvens av dette er at konsentrasjonen av tungmetall i fjellauren aukar. Ørekyt vil alltid påverke eit økosystem der den kjem inn i området den ikkje har vore etablert i tidlegare, men konsekvensane treng ikkje alltid vere dramatiske. Seminaret vil presentere døme også på dette.

Er du oppteken av fiskeforvaltning, kultivering, ferskvassøkologi eller framande artar sin påverknad på naturen, er du velkomen til to interessante dagar i Eidfjord! Påmeldingsskjema og oppdatert program finn du på Fylkesmannen i Hordaland si heimeside:

<https://www.fylkesmannen.no/nn/Hordaland/Kurs-og-konferansar/Ubeden-gjest-i-vest---Seminar-om-spreiing-av-orekyt-i-naturen/>

**Påmeldingsfrist 14.3.2017.** Seminaret vert arrangert av fylkesmennene i Telemark, Buskerud og Hordaland, i samarbeid med Eidfjord fjellstyre.

*Om ørekyt etablerer seg i eit vassdrag, vil bestanden ofte bli tett og uråd å handtere utan at ein nyttar drastiske verkemiddel. Bruk av rotenon er utan tvil ein drastisk metode som ein berre skal nytte om ein har sær gode grunnar for det. Eit syn som dette er ingen ønskesituasjon i norske vassdrag. Foto: Øisten Aasland, Fylkesmannen i Hordaland.*

